



KM 6/11 Gudstenestereforma - tekstbok

Merknader frå komité E på Kyrkjemøtet

Komiteen sluttar seg til hovudlinene i saksframstillinga og Kyrkjerådet sine vurderingar av framlegga frå 2010, men vil kome med følgjande utdjupande kommentarar og endringar.

Hovudtema 3 Bots- og bededag

Endring av namn

Komiteen synes formuleringa ”bededag” kan verke noko gamalmodig og ønskjer å tilpasse namnet til dagens røyndom. Vona vil vere at denne særeigne dagen vert fornøya ved å bli kalla Bots- og bønedag.. ”Bot” vert nytta i dagleg tale, det vert ikkje ”bede”.

Flytting Bots- og bededag

Komiteen meiner det er gode grunnar for å halde dagen på noverande plassering, sjølv om dette er ei særnorsk ordning. Eit viktig argument for plasseringa, er høve til Helgemessesøndag og Reformasjonsdagen (31.10). Denne plasseringa gir ein særleg verdifull dynamikk mellom bot og håp/forløysing. Komiteen ønskjer å stadfeste dynamikken, ved at ein får desse to som faste søndagar.

Om dagen blir lagt som fast siste søndag i oktober kjem komiteen med framlegg om at desse nye tekstane kjem på 18. søndag i treeiningstida. Rekkjefølgja på dagane vert då justert i samssvar med dette. Dagane i treeiningstida har blitt samla i nokre lause grupper: 16.-17. søndag har tekstar om liding og oppstode, 18.-22. søndag har tekstar om livet i Guds skaparverk, venskap, samliv og rettferd. Det har vore vanskeleg å finne eit etisk tema som høver her og som ikkje er nytta på andre dagar. Det alternativet komiteen legg fram er å stokke om på søndagane og leggje inn ei ny tekstrekkje på 18. søndag i treeiningstida slik at dagen høver med gruppa 16.-18. med tekstar om liding, oppstode og kjærleik. Den nye 18. søndag i treeininga hentar opp nokre tekstar med eit tydelegare etisk tema som bru til den neste tekstrgruppa 19.-22.sit.

Forteljingsteksten frå Joh 8, er ikkje før nytta.

I Jes 53, 1-5 (Fast II) Såra for våre misgjerningar

I Hebr 2, 10 -18 Fordi han sjølv leid og vart freista

I Matt 8, 14-17 Svigermor til Peter

II 1. Kong 8, 41-43 Når dei kjem og bed

II Rom15, 25-33 Hjelpa til dei heilage i Jerusalem

II Matt 8,5-13 Mange skal kome frå aust og vest

III Sal 38, 10-16 Herre til deg

III I Joh 4,11-16 Gud er kjærleik

II Mark 1,40-45 Jesus fekk inderleg medkjensle med han

P: Salme 36 Livsens kjelde

F: Joh 8,1-11 Kvinna som vart gripen i ekteskapsbrot

Hovudtema 4 Presentasjon av kyrkjeårstidene og tekstane

Lysmesse i adventstida

Teksttrekkjer for lysmesse i adventstida er et godt bidrag til heilskapen i adventstida. Framlegget kom for første gong med eigne tekstar for Kyndelsmesse (2.februar) som også i tradisjonen har utvikla seg til ei lysmesse (kyndel – lys).

Det kan bli utvikla ei første rekkje til ein ny temadag for lysmesse i adventstida og rekkje to og tre kan vere felles med Kyndelsmesse. Det er i dag svært mange fleire kyrkjelydar som feirar lysmesse i adventstida, enn det er kyrkjelydar som feirar Kyndelsmesse.

Det har og vore vurdert å utvikle tekstdokumentet ut frå ulike tradisjonar med ni eller sju lesingar, jf. anglikanske tradisjonar som særlig har vore knytt til advents- og juletidene, samt oldkyrkja sine nattlege lesingar ved dei store høgtidene. Slike opplegg krev innarbeiding i ein liturgi og komiteen oppmodar om at slike opplegg blir utvikla som ressursmateriell for kyrkjelydane og at dei ikkje høver som ein del i Tekstboka.

Ei slik første rekkje for lysmesse i adventstida søker særleg å kombinere adventstida med lysmotivet:

Jes 42,5-6 Eit lys for folkeslaga. (Forslag på 2. søndag i Op I)

2 Kor 4,6 Lyset i hjarto våre (Også på Kr Op III, som har vers 1-6)

Joh 1,9-12 Lyset kom til verda (Ikkje i forslaget elles)

Gjennomgang av einskildtekstar

Ny tekst til 2. juledag tredje rekkje

Kyrkjemøtet bad om at teksten Matt 23,34–37 vart erstatta med ein annan tekst.

Tekstane på 2.juledag er knytt til Stefanusdagen og er ein martyrsøndag. Joh 16, 1-4a held fast ved dagens karakter og går saman med dei andre tekstane for dagen, og han er ikkje representert i Framlegget. Innhaldet i teksten er også om den motstanden dei kristne vil møte, og komiteen føretrekkjer tonen og formuleringane her.

3. søndag i openberringstida og forslag frå E. Thorsen

Dette vert teke opp under handsaminga av: Endring i tredje rekkje 16.søndag i treeiningstida.

Teksttrekkje for Pinseafstan

For å styrke pinsefeiringa vert denne rekkja sett opp som forslag til tekstar for pinseafstan.

2 Mos 24,3 – 11 (ny)

Ef 2, 17-22 (også 5.s i påsketida III)

Joh 7,37-39 (også 2. pinsedag III)

Ein treng ikkje sette opp forteljing denne dagen.

Endra tekst på treeiningssøndagen

Ei vurdering av 5 Mos 6,4-9 som tekst i første rekkje, og at ein finn ein annan høveleg plass for Jesaja 42,5-10, er at dette er eit forslag som greitt let seg gjennomføre. Det

fører til at Jes 42,5–10 går ut. Jes 42,1-4 er satt opp på 2. søndag i openberringstida I. Teksten kan der utvidast til vers 6. Resten av 42,5-10 (vers 7-10) er m.a. på 1. søndag i advent, II. Komiteen vil foreslå at 2. søndag i openberringstida I: Jes 42,1-6. Då er Jes 42,5–10 ivaretatt i tekstboka. For å ikkje få tre dublettar av 5 Mos 6,1-9 ønskjer komiteen at teksten på 8. søndag i treeiningstida III, vert erstatta med Jos 22,1-6.

Ny evangelietekst på Olsok.

Joh 21,15-19 går ut og vert erstatta med Joh 12,24–26 (kveitekornet). Joh 21,15-18 er og sett opp 3. søndag i openberringstida III.

Endring i tredje rekkje 16. søndag i treeiningstida og innarbeidning av endringsforslag frå E. Thorsen.

4. søndag i faste: Visdomen

Komiteen har drøfta framleggget om å sette inn to nye tekstar, GT og NT på tredje rekkje 4. søndag i faste: Ordt 9,1-5 (Visdomsmøya ber inn til måltid) og Matt 11,16-19 ("Vi bles på fløyte...men Visdomen har fått rett, det syner gjerningane hans".) og finn det tenleg å handsame dei saman med 16. søndag i treeiningstida, der tekstane i tredje rekkje skal vurderast på nyt.

Det kan vere ei god løysning å hente inn Visdomen i ei ny tekstrekkje for 16. søndag i treeiningstida som har "Gud gav folket manna i ørkenen" som forteljingstekst og lengt og klage som tema. "Men kva skal eg likna denne ætta med. (...) vi song klagesongar men de ville ikkje sørja (...)

I den tredje rekkja på 16. søndag i treeiningstida let det seg gjere å etterkome oppmodinga om å finne ein stad kor ein held dei to tekstane om Visdomen saman.

Tematisk er det gode berøringspunkt mellom den lengten som desse tekstane har, og temaet i de to første rekkjene. Korkje Ordt 9,1-5, eller Matt 11,16-19 er elles representert i Framleggget, medan 1 Kor 1, 18-25 er tekst for Fastelavenssøndag II.

Tekstrekkje for Reformasjonsdagen

Komiteen ønskjer tekstar som på ein særleg måte kan knytast til reformasjonen og som, i den grad det er mogeleg, ikkje dublerer andre tekstar i tekstboka.

Salme 46,1–8 (evt 4) Vår Gud han er så fast ei borg (Ein av dei mest kjende salmane til Martin Luther NoS 295, som han skreiv etter salme 46.)

Rom 1,16-17, Guds rettferd, eller Hebr 4,12-13 Guds ord er levande (ny) eller Joh 1,16-17 Nåde og sanning (overlapping med vers 15-18 på 3. søndag i openberringstida III)

Rom 1,16-17 har av mange vorte rekna som hovudordet knytt til Luther si tårnoppleving. Teksten er nytta to gonger i Framleggget: Såmannssøndagen I og 13.s.i treeiningstida III. Også Hebr 4,12-13 har vore oppe til vurdering ut frå reformasjonens sterke fokus på Ordet. Denne teksten er ikkje representert i tekstboka, men er i dette dokumentet foreslått som tekst til 16.søndag i treeiningstida III.

a) Rom 1,16-17 blir tekst på Reformasjonsdagen.

b) Hebr 2,12-13 erstattar Rom 1,16-17 på Såmannssøndag I

Forslag til poetisk tekst: Salme 46

Forteljing på Reformasjonsdagen. 1. Sam 3, 1-10. Jfr. Forslaget om David og Goliat.

Forteljingar

David og Goliat (1 Sam 17,3-11.37-50) må sikrast som forteljetekst.

Det er fire David forteljingar blant forteljingstekstene. Eit forslag er at David og Goliat kjem inn 4. søndag i påsketida, og blir då etterfølgd av Samuel som salvar David til konge.

Herren kallar Samuel (1.Samuel 3, 1-10) som er sett opp 3.søndag i påsketida vert flytta til reformasjonsdagen og han er også tekst 18. søndag i treeiningstida III..

Minikanon med hovudtekstar for kyrkjeåret

Komiteen minner om vedtaket og ber om at minikanon/minitekstbok blir prioritert.

Kyrkjemøtet sitt vedtak

1. Kyrkjemøtet vil understreke at ei ny tekstbok er viktig for Den norske kyrkja.
Kyrkjemøtet viser til at tekstbok og ny bibelomsetjing kjem samstundes og vonar dette vil medføre fornya fokus på Bibelens vitnemål om Jesus Kristus.
2. Kyrkjemøtet sluttar seg til dei prinsippa som ligg til grunn for tekstboka og går inn for at ho vert kyrkja si tekstbok frå 1. søndag i advent 2011, med dei endringane som følgjer nedanfor.
3. **Namn og kyrkjeårstider.**
 - a) Kyrkjemøtet legg til grunn at søndagane i kyrkjeåret blir kalla **"søndagar i"** istaden for den noverande nemninga **søndagar etter**.
 - b) Kyrkjemøtet legg til grunn at ein skal nytte namna **treeiningssøndag** og **treeiningstida**.
 - c) Kyrkjemøtet legg til grunn at følgjande søndagar vert gitt nye namn eller flytta:
 - Romjulssøndag; tidlegare søndag etter jul
 - Søndag før pinse; tidlegare 6. søndag etter påske
 - Aposteldagen /6. søndag i treeiningstida
 - Vingardssøndag / 14. søndag i treeiningstida
 - Bots- og bønedag
 - Domssøndag / Kristi kongedag
 - d) Kyrkjemøtet legg til grunn at temadagane får dei namna som er foreslått i Framlegget.

4. Flytting av dagar i kyrkjeåret

Kyrkjemøtet ønskjer at Vingardssøndagen vert flytta til 14. søndag i treeiningstida.

Flytting Bots- og bededag/bønedag og ny 18. søndag i treeiningstida

Bots- og bønedag skal vere siste søndag i oktober og Helgemessesøndag skal følgje søndagen etter.

Komiteen foreslår å stokke om på søndagane og leggje ei ny tekstrekkje på 18. søndag i treeiningstida:

I Jes 53, 1-5 (Fast II) Såra for våre misgjerningar
I Hebr 2, 10 – 18 Fordi han sjølv leid og vart freista
I Matt 8, 14-17 Svigermor til Peter

II 1. Kong 8, 41-43 Når dei kjem og bed
II Rom 15, 25-33 Hjelpa til dei heilage i Jerusalem
II Matt 8,5-13 Mange skal kome frå aust og vest

III Sal 38, 10-16 Herre til deg
III I Joh 4,11-16 Gud er kjærleik
II Mark 1,40-45 Jesus fekk inderleg medkjensle med han

P: Salme 36 Livsens kjelde
F: Joh 8,1-11 Kvinna som vart gripen i ekteskapsbrot

5. Endringar og tillegg i tekstrekkjene

Lysmesse i Adventstida

Kyrkjemøtet fastset følgjande for tre rekkjer for Lysmesse i Adventstida. Rekkje to og tre er felles med Kyndelsmesse.

<i>I</i>	Jes 42,5-6	Eit lys for folkesлага
	2 Kor 4,6	Lyset i hjarto våre
	Joh 1,9-12	Lyset kom til verda
<i>II</i>	<i>Salme 119,101-105</i>	<i>Eit lys på min stig</i>
	<i>1 Joh 2,7-13</i>	<i>Det sanne lys skin alt no</i>
	<i>Luk 1,76-79</i>	<i>Gjesta oss som ein soloppgang</i>
<i>III</i>	<i>Salme 89,12-18</i>	<i>vandre i lyset</i>
	<i>Op 22,1-7</i>	<i>Herren Gud skal lysa</i>
	<i>Joh 8,12</i>	<i>eg er lyset for verda</i>
<i>F</i>	<i>Luk 2,22-40</i>	<i>Eit lys til openberring</i>

Ny tekst på 2. juledag,tredje rekkje

Teksten frå evangeliet på 2. juledag, tredje rekkje, Matt 23,34–37, vert erstatta med Joh 16,1–4a (ny)

<i>2julIII</i>	<i>III</i>	<i>Klag 3,52-57</i>
<i>2julIII</i>	<i>III</i>	<i>Fil 1,27-30</i>
<i>2julIII</i>	<i>III</i>	<i>Joh 16,1-4a</i>

Endringar 4. søndag i fastetida andre rekkje/ 2. påskedag tredje rekkje

4. søndag i fastetida II: 2 Kor 5,18-21.
2. påskedag III: 2 Kor 5,14-19.

Ny tekstrekkje for pinseaftan, første rekkje

<i>Pinseaft</i>	<i>I</i>	<i>2 Mos 24,3 -11</i>
-----------------	----------	-----------------------

<i>Pinsehaft</i>	<i>I</i>	Ef 2, 17-22
<i>Pinsehaft</i>	<i>I</i>	Joh 7,37-39

Endra tekst Treeiningssøndag, første rekke

Treeiningssøndagen, Jes 42,5–10 går ut. 5 Mos 6,4-9 går inn som ny tekst

Erstatning 8. søndag i treeiningstida, tredje rekke

Ny 8.søndag i treeiningstida III: 5 Mos 6,4–9 erstattar med Jos 22,1–6.

Ny evangelietekst på Olsok første rekke.

Ny tekst i evangeliet første rekke: Joh 12,24-26. Teksten erstattar Joh 21,15-18.

Utviding av tekst på 15. søndag i treeiningstida , andre rekke

Teksten frå 2 Mos 19 vert utvida til versa 1-6.

Endringar på 16. søndag i treeiningstida, tredje rekke

Tredje rekke får desse tekstane:

<i>16sit</i>	<i>III</i>	<i>Ordt 9,1-5</i>
<i>16sit</i>	<i>III</i>	<i>1.Kor 1,18-25</i>
<i>16sit</i>	<i>III</i>	<i>Matt 11,16-19</i>

- b) Salme 13,2-6 erstattar Sal 90,13-17 i 16.søndag i treeiningstida II
- c) Jes 55,1-3 vert ståande som GT tekst på 3. søndag i openberringstida.

6. Temadagar

Ny temadag i Kyrkjearret med namnet Reformasjondagen

Det vert ein ny temadag i Kyrkjearret og Tekstboka med namnet Reformasjonsdagen.

Dagen har ei tekstrekkje:

- I Sal 46,1-8
- I Rom 1,16-17
- I Joh 1,16-17
- P: Sal 46
- F: 1. Sam 3, 1-10

Kyndelsmesse

Ny poetisk tekst på Kyndelsemesse: Sal 121,5–8.

7. Endringar i forteljingstekstane

6. søndag i openberringstida, Mark 4,35-41 Jesus stiller stormen, erstattar Luk 12, 35-40.

6. søndag i påsketida, Joh 2,1-11 Bryllaupet i Kana, erstattar 1 Krøn 28,1-21.

1 Sam 17,3-11,37-50 kjem inn på 4. søndag i påsketida

1.Samuel 3, 1-10 vert flytta som forteljingstekst til Reformasjonsdagen.

8. Minitekstbok

Kyrkjemøtet ber om at det blir utarbeidd ein minikanon med hovudtekstar for kyrkjearret. Kyrkjemøtet ber om at dette arbeidet blir framskunda slik at ein rekk å handsame ein slik kanon i Kyrkjearådet etter reglane om forsökssaker, innan ny tekstbok vert teke i bruk 1. søndag i advent 2011.

9. Omsetjingar

Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet om å sørge for at alle tekstane i tekstboka vert omsett til dei tre samiske språka og til teiknspråk.